

Det kongelege kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

Dato
29.02.2016

Høyringsvar - forslag til nytt inntektsystem

Sogndal kommune har følgjande innspel til regjeringa si høyring om forslag til nytt inntektssystem for kommunane:

Sogndal kommune meiner det er tenleg med jamleg gjennomgang av kostnadsnøkklane og har ikkje merknader til dei endringane som vert føreslått. Vi meiner at delkostnadsnøkklane for barnehagar vert basert på tal heiltidstilsette og at barnehagegruppa vert utvida til 1-5 åringar. Kilometer kommunal veg bør innarbeidast som ny kostnadsnøkkel i kriteriesettet, slik dette er gjort for fylkeskommunen i høve fylkeskommunale vegar. Slik systemet i dag er laga til ligg det økonomiske insentiv å overføre kommunale vegar til fylkeskommunale vegar.

Sogndal kommune støttar også ei omlegging av småkommunetilskotet slik at det i større grad blir gradert etter kva distriktpolitiske utfordringar kommunane har. Dette vil vera meir treffsikkert ift. føremålet med tilskotet.

Sogndal kommune meiner at skattedelen av kommunane sine inntekter ikkje må aukast, og inntektsutjamninga må heller ikkje svekkast. Målsettinga med inntektssystemet er å jamne ut kommunane sine økonomiske føresetnader, slik at forholda kan leggjast til rette for eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane i heile landet. Auka skattedel og redusert inntektsutjamning vil føre til at føresetnaden for å yte likeverdige tenester til innbyggjarane i heile landet vert svekka. Det vil vera uheldig.

Innføring av selskapsskatt som ei kommunal inntekt frå 2017 bør utsetjast til regjeringa kan presentere forskningsbasert kunnskap som syner samanheng mellom kommunale inntekter frå selskapsskatten og kommunane si tilrettelegging for næringsutvikling. Vår vurdering er at tilrettelegging for næringsutvikling er ei så viktig oppgåve for kommunane, særleg for næringssvake kommunar, at kommunane vil leggje svært stor vekt på dette arbeidet, sjølv om selskapsskatten ikkje er ei kommunal inntekt.

Regjeringa ønskjer å skilje mellom frivillege og ufrivillege smådriftulemper gjennom å bruke eit strukturkriterium for å fastsette basistilskotet. I samband med kommunereforma var ekspertutvalet si tilråding at kommunane burde ha minimum 10 – 15.000 innbyggjarar, m.a. ut frå ei vurdering av at smådriftsulempene mykje er fjerne ved dette innbyggjartalet. Kommunar som ikkje har smådriftsulemper i dag, men har færre enn 20.000 innbyggjarar, vil tape på det nye kriteriet. Det er uheldig.

I Sogn og Fjordane er det dei største kommunane og regionsenterkommunane som har vekst- og utviklingskraft, m.a. Førde, Florø og Sogndal. Vekst- og utviklingskraft er særleg viktig i eit fylke som Sogn og Fjordane, med svak folketalsutvikling. Alle desse kommunane vil tape på innføring av strukturkriteriet. Sogndal kommune meiner også at innføring av strukturkriteriet ikkje samsvarer med andre nasjonale politikkområde, m.a. klimaområdet. Kommunane vert oppmoda gjennom nasjonale retningslinje for samordna areal- og transportplanlegging og sikre eit utbyggingsmønster som reduserer transportbehovet og legg til rette for at transportbehovet kan dekkast gjennom kollektive transportmiddel, sykkel og gange. Dette er viktig m.a. for å redusera utslappa av klimagassar. Dette krev eit konsentrert utbyggingsmønster og ikkje eit spreidd utbyggingsmønster. Eit konsentrert utbyggingsmønster vil også ha positive i høve nasjonale målsetjingar om jordvern. Eit konsentrert utbyggingsmønster vil også ha positive i høve kostnadene ved kommunale tenesteyting gjennom m.a. reduserte kostnader i heimetenestene, skysskostnader for skuleelevar m.v. og reduserte kostnader til utbygging og drifts av kommunal infrastruktur (veg, vassforsyning, avlaup). Ved innføring av strukturkriteriet vert insentiva for å eit klimavenleg og kostnadseffektivt utbyggingsmønster svekka.

Regjeringa har også presentert strukturkriteriet som eit verkemiddel i kommunereforma, ved at kommunar som gjer vedtak om å slå seg saman før 1.7.2016 slepp verknaden av strukturkriteriet i 15/20 år. Dei som ikkje gjer slik vedtak må ta kostnaden med frivillig smådriftsulemper. Dette er berre delvis tilfellet ved at ei frivillig kommunesamanslåing krev vedtak om det i alle dei aktuelle kommunane. Dersom ein kommune gjer vedtak om samanslåing, medan andre kommunar som denne kommunen ønskjer å slå seg saman med ikkje gjer tilsvarende vedtak, vil den kommunen som har gjort vedtak om samanslåing måtte ta kostnadene ved dei frivillige smådriftsulempene, sjølv om kommunen har gjort vedtak om samanslåing. Innføring av strukturkriteriet er difor ikkje treffsikkert i høve regjeringa sitt ønskje om ei kommunereform som gjev færre kommunar, og der dei kommunane som ikkje tek del i reforma må dekkja dei frivillige smådriftsulempene sjølv. Sogndal kommune meiner utforminga av nytt inntektssystem ikkje bør knytast til spørsmålet om kommunesamanslåingar.

Sogndal kommune vil rå til at strukturkriteriet slik det er presentert i høyringsdokumentet ikkje vert innført.

Med helsing

Jarle Aarvoll
ordførar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift